

**Målpris til Jørn Øyrehagen Sunde**

24.04.2012

**Jørn Øyrehagen Sunde er tildelt Juristmållet sin målpris for 2012. Han er etter kva vi veit den fyrste frå Kvinnherad og Uskedalen som er heidra med målpris på eit nasjonalt nivå.**

Jørn er ein av dei mest populære førelesarane ved jussfakultetet i Bergen.

Han er mellom anna kursansvarleg og førelesar i Rettshistorie og komparativ rettskultur i eit Europa i endring, eit fag som er unikt i internasjonal samanheng.

Jørn Øyrehagen Sunde frå Uskedalen er fødd i 1972 og har utdanninga si frå juridisk fakultet i Bergen med eksamen i 1999.

Etter ein periode med doktorgradsarbeid i Tromsø flytta han attende til Bergeni 2007. Han er både dr. juris og professor.

Deler av stillingen til Øyrehagen Sunde er knytta opp til forskararbeid og formidling på Baroniet Rosendal.

Juristmållet har sidan 2006 kvart år delt ut ein målpris.

I 2012 vart så prisen tildelt Øyrehagen Sunde for innsatsen hans for det nynorske rettsmålet

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen